



Bjerkreim kommune
Legekontoret
Postboks 17
4389 VIKESÅ



Helse og Omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref.
200702287-/EHA

Vår ref.
05/00027-53/ /LEV-LEG-KNV

Stad/dato
Vikeså 20.08.2007

Høyringssvar: vedrørende forslag om krav til elektronisk kommunikasjon mellom leger og Arbeids- og velferdsetaten (NAV)

Bjerkreim kommune støttar tiltak som kan effektivisera og forbetra samhandlinga mellom helsetenesta og Arbeids- og velferdsetaten. Det forutsetter imidlertid at følgjande vert klargjort:

Utgifter

Eit pålegg om elektronisk kommunikasjon *må følgjast opp med statlege løyvingar til etablering og drift av eit slikt elektronisk kommunikasjonssystem*, sidan dette er tiltak som ikkje medfører nokon effektiviseringsgevist i helsetenesta, men som i første rekke skal føra til innsparing for staten.

Turnuslegar

Det er i forslag til forskrifter ikkje nemnt noko om turnuslegar. Dersom det er meininga at ordninga med elektronisk kommunikasjon skal gjennomførast som standard på alle legekantor, må det klargjerast kor vidt ordninga også gjeld turnuslegar. *Etter vårt syn er det naturleg at også turnuslegar er omfatta av denne plikta. Utgifter til PKI-utstyr og elektronisk identifikasjon for turnuslegar må då dekkast av staten, og det må sikrast at alle turnuslegar har fått slikt utstyr før dei startar i turnusteneste.*

Krav om elektronisk tovegs-kommunikasjon

Det må vera eit krav at også kommunikasjonen frå NAV til helsetenesta skal foregå elektronisk. Pr i dag fungerer det slik i Bjerkreim kommune at kommunikasjonen til NAV er elektronisk, mens svar/vedtak kjem pr papir. Det er dårleg ressurs-utnytting og lite inspirerende med tanke på eigen elektronisk innsats.

Med helsing
Bjerkreim kommune
/sign/
Knut Vassbø
Kommunelege 1

Sendt til: Det kongelige Helse- og Omsorgsdepartementet

Telefon: 51 20 11 00
Telefax: 51 20 11 01
E-post: postmottak@bjerkreim.kommune.no

Bankgiro: 3344.07.00158
Organisasjonsnr.: NO970490361